

MÅSEIDE BARNEHAGE

ÅRSPLANKALENDER 2024/2025
del 2



VELKOMMEN TIL BARNEHAGEÅRET 2024-2025

MÅSEIDE BARNEHAGE

Myrbekkane 15, 6036 Mauseidvåg

Styrar: May Torvnes Dybvik

Mail: may.dybvik@sula.kommune.no

Tlf kontor : 957 10 300



Årsplanen vår, del 2, er utforma som ein kalender. Årsplanen skal vere eit arbeidsreiskap for personalet, og eit informasjonsdokument for dykk foreldre og for Sula kommune (eigar).

Samarbeidsutvalet (SU) har fastsett årsplanen, på møte 06.05.24.

Årsplanen er brukarvennleg, og vi håpar at de lett kan orientere dykk om det som skjer kvar månad på den enkelte avdeling.

Vi oppfordrar elles alle foreldre til å kome med innspel, tips og idear til det pedagogiske innhaldet/aktivitetar på den enkelte avdeling gjennom året.

ÅRSPLANEN VÅR ER DELT I 3 DELAR/HEFTER:

Del 1: Informasjon om pedagogiske prioriteringar, verdiar, vårt samfunnsmandat, medverknad, samarbeidsrutinar osb. Delast ut til alle nye foreldre, ved oppstart.

Del 2: Kalenderdel som viser våre satsingsområder for dette barnehageåret, og avdelingane sine prioriteringar innafor dette. Delast ut til alle foreldre kvart år i september.

Del 3: Digitale dokument som dei tilsette nyttar til intern dokumentasjon, som viser meir i detalj kva dei tilsette har/skal arbeide med kvar dag/veke/mnd, utifra prioriteringanei del 2

Min visjon som leiar: «Å skape ein kultur der folk trivst»

Folk er i denne samanheng sjølvsgåt dei tilsette, men også dykk foreldre og alle dei barna vi er så heldige å få ha her hos oss.

Min jobb som styrar er m.a. å ta vare på dei vaksne i barnehagen, slik at dei blir gode vaksne til barna dykker!

Med venleg helsing
May Torvnes Dybvik
Styrar



TRYGGHEIT, MEISTRING OG GODE OPPLEVINGAR

VÅRE TILSETTE


MYRBEKKANE

Sina Lund Kleiva
Heidi Orset Vold
Karoline Hope Jørgensen
Anne-Lise Fylling Reknes
Maria Folkestad Fugløy
Stine Kildehaug Vegsund

pedagogisk leiar
pedagogisk leiar
barne- og ungd.arbeidar
barne- og ungd.arbeidar
barne- og ungd.arbeidar
assistent, vikariat



Mobil: 95 93 94 86




INGESKOGEN

Merete Beite
Elisabeth Erstad
Atcha Pareliussen
Renate Fylling Sand
Sonja Dybvik

pedagogisk leiar
pedagogisk leiar
assistent
barne- og ungd.arbeidar
assistent, vikariat



Mobil: 98 68 22 80




PELLAMARKA

Linda Renate Vanebo
Ole Martin Langnes
Unn Kristin Årsnes
Anne Reidun Rodt

pedagogisk leiar
pedagogisk leiar
barne- og ungd.arbeidar
assistent



Mobil: 95 96 39 93



PETTERGJERDET

Monica Granhei
Ina Malén Nygård Leite
Marianne Wiig Rørstad
Erika Kajcsa
Lorenza Marie Sæth

pedagogisk leiar
pedagog, vikariat
assistent
assistent
barne- og ungd.arbeidar, vikariat



Mobil: 98 42 52 14



VÅR VISJON

TRYGGHEIT – MEISTRING – GODE OPPLEVINGAR

Målsettingar:

Skape eit anerkjennande miljø som fremmer respekt, likeverd, og ein god sjølvfølelse for den enkelte.

Gi barna opplevelse av meistring, utifrå eigne føresetnader, som basis for læring og utvikling.

Fremme barna sin sosiale kompetanse gjennom tryggheit – meistring – og gode opplevingar.



Målsettingar, visjon og satsingsområde blir vår misjon – vårt oppdrag som skal stadfeste kven er vi til for, kva skal vi bidra med og kva skal vi bidra til.

Visjonen omfattar ALLE – både barn, tilsette og foreldre.

PEDAGOGISK GRUNNSYN

Vi vaksne skal bygge varme relasjoner til barna samtidig som vi set grenser på venlege, trygge og forklarande måtar, gjennom

Respekt - Kjærlege hender - Eit klokt hode - Eit varmt hjarte

I PRAKSIS BETYR DETTE:

At vi respekterer barna ved å lytte, og ta førelsane deira på alvor. Vi viser omsorg gjennom fysisk kontakt, som å la barna få sitte på fanget og vi gir gode klemmer. Vi skal vere forutsigbare og førebu barna når vi til dømes skal tørke nase og ta på dei hue. Vi skal også vere tydelege vaksne som setter grenser ut frå situasjonen, og barns føresetnader. Her må vi vere bevisst på kroppsspråk, stemmeleie og forklare godt med få ord. Gjennom dette og felles opplevingar bygger vi varme relasjoner til barna. Vi ønskjer at barna skal oppleve at vi bryr oss om dei, at vi trivast på jobb og i lag med dei.



Eit pedagogisk grunnsyn handlar om kva haldningar og verdiar dei vaksne skal ha når dei skal utføre ei pedagogisk handling i barnehagen. Gode relasjoner er alfa og omega når ein skal skape gode lærings- og leikemiljø for barna.


Vårt pedagogiske grunnsyn viser ein autoritativ vaksenstil. Den autoritative vaksenstilen blir framheva som den beste i møte med barn, og derfor den Sula kommune ønskjer skal kenneteikne alle tilsette i heile Oppvekstsektoren (barnehage, skule og TBU). Den vaksne har då positiv kontroll, set tydelege genser og har klare forventningar til barnet, samtidig som dei er varme og akseptante.

Barn som møter autoritativer vaksne som lyttar til behova og ønska deira, samtidig som dei tek vaksenkontroll for å ivareta interessene i fellesskapet, lærer seg sosialt akseptable normer for åfjerd. Barna lærer seg å vente på tur, vere vennlege, ta initiativ og møte nye utfordringar med nysgjerrigkeit, interesse og sjølvfyllit.

MOTO-LEIK

MoTo-leik står for motorisk leik, og det er eit systematisk, og det er eit systematisk og kvalitetssikra opplegg med fokus på ulike motoriske ferdigheter gjennom leik og den daglege aktiviteten på barnehagen, i regi av fysio- og ergoterapeutar i Sula kommune. Det er utarbeidd aktiviteteskort med ulike motoriske ferdigheter som alle avdelingane skal nytte kvar månad – eit supplement til dei daglege aktivitetane barna gjer i dag. Opplegget er satt i eit system der ein gjennom eit årshjul er innom alle dei ulike motoriske områda. Dei ulike tema i årshjulet er med og legg grunnlaget for utvikling av ferdigheter som skal gjere barna meir modne og klar for læring ved skulestart.

Vi har gjennomgått heile årshjulet forrige barnehageår, så vi har gode erfaringar som vi tek med til inneverande år. Vi får god opplæring og informasjon frå fysio- og ergoterapeut i Sula. Det er fint om de foreldre kan forsterke og gjøre dette heime også – ved å la barna dykkar vise kva og korleis.



PSYKISK HELSE

Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine følesar.

Dette handlar om livsmeistring og helse som er omtalt i Rammeplanen for barnehagane. Barna har rett til eit trygt og godt barnehagemiljø – dette er nedfelt i barnehagelova, og som dei tilsette må følgje til einkvar tid.

Korleis bygger vi psykisk helse?

Boka til Mia Björnsson «Å bygge psykisk helse» kan hjelpe oss og forstå korleis livet kan vere – det er vanskeleg, går opp og ned, og er som ei reise vi ikkje kan kontrollere til einkvar tid. Vi må sørge for ikkje å ha mykje fokus på det som er negativt og vanskeleg, men sørge for at vi har mest fokus på faktorar som kan gje oss god helse, som m.a. indre motivasjon, som blir skapt gjennom: glede - håp - optimisme/mot.

ÅRHJUL FOR PSYKISK HELSE I BARNEHAGEN:

Det er utarbeidd eit ÅRHJUL for psykisk helse i barnehagane i Sula. Århjulet er bygd opp om 6 hovudtema som vi er forplikt til å jobbe med i løpet av året – tilpassa alle barnegruppene. Fokusområde/tema vil stå i eiga boks under kvar månads



VAKSENROLLA

Barnehagen er forplikt til å følge Sula kommune sine verdiar:

- Årleg og open • Respekt og omsorg • Innovativ • Humor

Verdigrunnlaget gir uttrykk for holdningar som alle tilsette i Sula kommune skal strekke seg etter i det daglege virke ovafor sine brukarar, samarbeids-partnarar og ovafor kvarandre. Verdiane er eit felles utgangspunkt og rettesnor for vurderingar, val og handlingar.

Gode relasjoner er alfa og omega når ein skal skape gode lærings- og leikemiljø for barna. Når dei vaksne har gode relasjoner til kvart barn, styrkar det relasjonen mellom barna.

Barn har ulik personleighet og skal møtest med anerkjenning og respekt for den dei er. Barn har rett til eigne meningar, behov og følesar, og dette må vi ta hensyn til. Å bygge relasjoner heile tida - heile året er derfor heilt avgjérande.

Tillit er bærebjelken i ein relasjon. Svaret på livsmeistring er relasjoner. Eit avgjérande virkemiddel for å unngå mobbing er å jobbe med relasjoner. Du mobbar ikkje ein du likar/er glad i!

Alle barn har krav på eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette er nedfelt i barnehagelova, og handlar om at barnehagen har eit ansvar for å følge med på korleis alle barn har det, og vi må jobbe systematisk for å førebygge utestengning og mobbing. Barnehagane har ei skjerpa aktivitetsplikt med mellom anna krav om skrifteleg plan/dokumentasjon på korleis dei tilsette skal følgje opp barnet og gruppa. Les meir om dette på Sula kommune si heimeside under oppvekst og utdanning – barnehage – trivsel og medverknad.



FAGOMRÅDA I BARNEHAGEN

Fagområda i barnehagen er i stor grad dei same som barna seinare vil møte igjen som fag i skolen. Barnehage og skole har ulike mandat, men fagområda og faga er i stor grad samanfallande. Innhaldet i barnehagen sin rammeplan er formulert som prosessmål, som beskriver korleis dei tilsette skal bidra for å gje barna opplevelingar og erfaringar, medan faga i skolen sin læreplan er formulert som kompetansemål som seier kva barna skal meistre eller kunne etter endt opplæring på ulike trinn.


Dei tilsette må dokumentere kva dei har arbeidd med under kvart fagområde.

Alle fagområda har fått sine eigne fargar, som de vil sjå og kjenne igjen på oppslag på alle avdelingane.

Til vitande:

- Nøkkelferdigheter til kvar alder er grunnleggjande.
- Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt
- Fagområda opptrer sjeldan isolert
- Fleire område er ofte representert samtidig i eit temaopplegg og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet
- Fagområda blir nytta i både formelle og uformelle læringsituasjonar, kvar dag heile året
- Avdelingane må bruke alle fagområda. Men, dei vil vektlegge dei ulikt gjennom året,
- Kva og korleis den enkelte avdeling skal jobbe med fagområda dette barnehageåret, kjem fram i månadsplanane til den enkelte avdeling.

Her på Måseide har vi laga ei prosesjonstrapp, ein utviklingsplan for fagområda, som viser ferdigheter, kunnskap, erfaringar og opplevelingar vi ønskjer å gje barna for å sikre prosesjon i barnehagetilbodet deira.



PROGRESJON

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehage-innhalldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevelingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdighetene sine.

Personalet skal:

- Oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er opptekne av
- Planleggje og leggje til rette for progresjon i barnehageinnhalldet for alle barn
- Bidra til at barna får meistringsopplevelingar, samtidig som dei har noko å strekke seg etter
- Leggje til rette for fordjupning, attkjenning og gjentaking i innhalldet og arbeidsmåltane til barnehagen
- Introdusere nye perspektiv og leggje til rette for nye opplevelingar og erfaringar
- Sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr – og gjere desse tilgjengelege for barna

For å sikre progresjon i kvardagen og for å nå kvart enkelt barn, er inndeling i smågrupper noko som alle avdelingane gjer meir eller mindre kvar dag. Det kan vere aldersinndelte grupper, eller grupper utifra utviklingsnivå/modning. Nøkkelferdigheter til kvar alder er grunnleggjande.

Vi nyttar også TRAS-skjema (eit observasjonsmateriell i dagleg samspele) som viser barna sin progresjon frå år til år i deira språkutvikling. Vaksenrolla er også ein avgjerande faktor i barna si utvikling. Vi skal vere støttande vaksne som ser det enkelte barn og leier/rettleier det, for å sikre progresjon og utvikling.

Kommunikasjon,
språk og tekst

Kropp, rørsle
mat og helse

Kunst, kultur
og kreativitet

Natur,
miljø og
teknologi

Etikk, religion
og filosofi

Nærmiljø
og samfunn

Mengd,
rom og form

PROGRESJONSTRAPPA

1 - 2 ÅR

Gi barna kjennskap til enkle songleikar med bevegelse.
Fremme bruk av kroppsspråk og mimikk i kommunikasjon.
Finne felles fokus gjennom samtalar, bøker og bilder.

Bli kjend med eigen kropp.
Trene på å ete sjølv, og bli introdusert for nye smakar.

Oppleve enkle songar og songleikar.
Erfare ulike formingsaktivitetar og kjenne skaparglede.
Få ulike sanseopplevingar.

Bli trygg på å vere ute i all slags vær.
Vere i naturen og få gode opplevingar gjennom sansar og praktiske erfaringar.

Begynnende utvikling av sosiale ferdigheter (sei hei, vinke høde).
Snakke med barna om korleis vi er mot kvarandre, og dei vaksne er gode forbilder. Vise omsorg for andre på ulike vis.
Erfare at forskjellige menneske har ulike behov.

Bli kjend i og rundt barnehagen sitt område/utforske det nære.
Få erfare at barnehagen har fleire avdelingar.
Oppleve felles markeringar i barnehagen.

Leike med former og mønster, t.d. putteboks.
Trene på sortering.

3 ÅR

Støtte barna i dialog til å fortelje om opplevingar.
La barna ta del i songleikar.
Vidareutvikle begrepstorfåelse og ordforråd i leik og samspel.

Utvikle mototrikken i ulendt terregn.
Øve på å smøre mat sjølv.
Sjølvstendigheitstrening i å kle på seg og gå på do.

Få meir erfaring med avanserte songleikar.
Legge til rette for rolleleik.
Erfaring med dramatisering.

Ha turgrupper til naturområde kvar veke.
Få erfaring med insekt og vekstar i naturen.
Stimulere til meir avansert konstruksjonsleik.

Positive handlingar må bli lagt merke til og oppmuntra.
Respekt for vaksne og andre barn sine grenser.
Oppmuntra evna til å vise omsorg og trøste andre.

Kjennskap til barnehagen sitt nærområde.
Bygge relasjonar på tvers av avdelingane. Oppleve at samfunnet er større enn barnehagen.

Kjennskap til enkle former og mønster.
Nytte puslespel.
Trene på talrekka.

4 ÅR

Barna øver på rim og regler.
Barna skal få oppleve at vi kan leike med språket.
Støtte leiken, slik at barna vidareutviklar kommunikasjons-ferdigheitene sine.

Kle på seg sjølv, med litt hjelp.
Vere med å tilberede sunne måltid inne og ute.
Utvikle kroppsbearhersking, som for eksempel hinke, balansere, springe, hoppe osv.

Bruke naturmateriale.
Bruke digitale verktøy i kreative prosessar.
Erfaring med regelleik (kulturarv).

Gå på lengre turar i naturen og tilberede mat ute.
Rydde etter oss og bli miljøbevisst.
Bruke iPad til å finne ut meir om insekt og vekstar i naturen.
Oppmuntra til å skape eigne produkt.

Gi rom og ro for samtalar rundt grunnleggande spørsmål, og undre oss saman med barna.
Trene på å argumentere for eigne meininger.
Sjå andre sine behov og handle positivt ut frå dette.

Gå på lengre turar i nærmiljøet, og utvide turområda.
Oppleve korleis vi markerer ulike høgtider og nasjonale tradisjonar i bygdø.

Øve på namn på former.
Spele spel med enkle speleregler. Tallforståing til 3.
Øve på å orientere seg i omgjevnadene.

5 ÅR

La barna bli kjent med vitsar og gøter.
La barna få delta i skaping av tekst.
Bruke språket til å argumentere og diskutere på gode måtar.

Sette grenser for sin eigen kropp og respektere andre sine grenser.
Få kjennskap til kva forskjellig mat kjem frå.
Kunne nødnummer og enkle trafikkreglar.

Ha ein plan med det ein skapar.
Erforing med meir avanserte formingsteknikkar.
Oppleve ulike typer kunsformer.

Følgje endringar i naturen gjennom eit år.
Barna dokumenterer dette med digitalt verktøy.
Gjennomføre fysikkforsk for å utvikle forståinga av korleis ting heng saman.

Utvikle evna til å godta at vi er ulike som menneske.
Legge til rette for gode samtalar.
Ha fokus på norske tradisjonar rundt høgtider.

Utforske kva som finst i bygdø.
Utvikle forståing for kvifor vi markerer dei ulike tradisjonane, lokalt og nasjonalt.
Barna skal få møte klassekameratar og skulen sin.

Å kjenne igjen geometriske former.
Kjenne igjen nokre tal.
Erfaring med samanlikning og måling.

SATSINGSOMRÅDE FOR MÅSEIDE BARNEHAGE 2024-2025

INKLUDERING OG SOSIAL KOMPETANSE

INKLUDERING I BARNEHAGEN handlar om å legge til rette for sosial deltakelse - som gjer at alle barn kan delta utifra eigne behov og føresetnader.

Inkludering inneber at alle som er tilknyta barnehagen viser aksept for at alle har sin naturlege plass i fellesskapet. Dei tilsette viser i handling at dei verdsetter mangfold, og ser på ulikskap som ein ressurs. Inkludering i praksis blir ein prosess som barnehagen arbeidar med kontinuerleg.

SOSIAL KOMPETANSE er eit sett av ferdigheter, kunnskap og haldningar som vi trenger for å meistre ulike sosiale miljø, og er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Det handlar om å bygge relasjonar, og la barna oppleve vennskap, lære sosiale speleregler, om konfliktløsing og få felles erfaringar, forståing for andre sitt perspektiv og kjenne på empati. Sjølvregulering, samarbeid, følgje reglar, vente på tur er ferdigheter som er viktige i gode samspel. Danning er det som skjer i barnet sitt samspel med omgjevnadene - ein gjensidig påverknad - gjennom heile livet.



Sosiale ferdigheter er eindel av SJØLVREGULERING, som handlar om evna til å styre og regulere førelsar, tankar og handlingar. Forskning viser at barn som i tidleg barndom viser høg grad av sjølvregulering, har større sjanse for å klare seg bra seinare i livet, både med hensyn til utdanning og økonomi. Dei har også lavare risiko for kriminalitet og helseproblem. Sjølvregulering på ulike områder:



FRÅ RAMMEPLANEN

Barnehagen skal tilpasse det almennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Inkludering i barnehagen handlar også om å legge til rette for sosial deltaking.

Den viktigaste sosialiseringarenaen i barnehagen er leiken. Barnehagen skal sørge for at barn som får spesialpedagogisk hjelpe, blir inkludert i barnegruppa og i det almennpedagogiske tilbodet. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og forebygge krenksar og mobbing.

Robuste barn og foreldre

Vi ønsker å ha fokus på barn og ROBUSTHEIT - til å tåle livet. Å vere robust betyr ikkje å kunne ramle og slå seg hardt utan å gråte, eller riste av seg eit sårande utsagn. Det betyr å kunne ramle og slå seg utan å seie at det var asfalten si skuld, kunne søkje trøst og støtte istadenfor til dømes å slå ein annan. Det er lett å tenke at for at barna skal ha det bra, må vi vaksne sørge for at ubehag og motstand ryddast deira veg. Evna til å tåle ubehag er som ein muskel som må trenast. Ein må øve, mislukkast og prøve igjen.

Føelsar er eindel av livet som barna må øve seg på å handtere. Som vaksne må vi finne ein god nok balanse der vi utfordrar barna, men ikkje for mykje. Skal vi ta gode val, må vi tåle at vi snublar, ramlar, roter det til og ikkje rekker alt. Det handlar om at dei tilsette må stille krav til både barn og dykk foreldre, for at vi saman kan hjelpe og støtte barna – vere i dialog – for å sikre barna sitt beste.

Personlege eigenskaper som er viktig å rose:



UTVIKLINGSARBEID

Utviklingsarbeid i barnehagen handlar om å jobbe systematisk for å forandre eller utvikle/forbetre pedagogisk praksis. Gjennom ulike fasar setter vi nye mål og gjennomfører planlagte aktivitetar. Målet er at den pedagogiske praksisen skal fremme barna sin trivsel og utvikling. I tillegg blir vi ein lærande organisasjon, som samtidig gir dei tilsette mogleheit for eigenutvikling.

I utviklingsarbeidet nyttar vi barnehagebasert kompetanseutvikling - dette er eit tiltak som involverar heile personalet - der alle tilsette deltek i ein felles utviklingsprosess.

Inneverande år skal vi fortsette med utviklingsarbeid i tråd med Sula kommune sine felles prioriteringar for alle einingar i Oppvekst, som gjeld INKLUDERING. Vi skal nytte Utdanningsdirektoratet (Udir) sine opplæringsmodular i dette arbeidet.

I tillegg har vi samarbeid med kommunen og Høgskulen i Volda om ReKomp (Regional Kompetanseutvikling), der vi skal ha fokus på ASK (Alternativ Supplerende Kommunikasjon).

Utviklingsarbeidet vårt vil bli litt to-delt, men blir likevel sett i samanheng i det pedagogiske arbeidet. Språk handlar jo også om å bli inkludert.

ReKomp

INKLUDERING - kompetansepakkar frå Udir

Regional Kompetanseutvikling

I dette utviklingsarbeidet skal vi ha fokus på språk – og alternativ supplerende kommunikasjon (ASK), med bildekort, symbol og tematavler som støtte for språket. Dette gir ei anna tilnærming enn direkte tale.

Alle barn trenger språk for å utvikle seg – uavhengig av utviklingsnivå. ASK gir ein annan måte å uttrykke seg på, og det gir store mogleheter for barna til å bli høyd og forstått, og dermed bidra til mindre frustrasjon. Dei tilsette skal få opplæring og auka kompetanse gjennom ulike læringsbolkar og pedagogiske prioriteringar i arbeidet vårt, inneverande år.

«Tidleg innsats og gode overgangar»

Tidlig innsats handlar om å gje eit godt pedagogisk tilbod frå tidleg småbarnsalder og vidare i utdanningsløpet. Sammen med resten av laget rundt barn skal vi førebyggje og oppdage utfordringar og sette inn tiltak. Desse tiltaka kan gå ut på å tilretteleggje innafor det ordinære tilboden og/eller å sette inn særskilte tiltak. Denne kompetansepakken legg vekt på tre faktorer i tidleg innsats: det å Førebyggje, Fang opp og Følgje opp. Gode overgangar er eindel av arbeidet med å førebyggje, fange opp og følgje opp.

Overgangar: når barnet begynner i barnehagen, skifte av avdeling innad i barnehagen, bytte barnehage, overgang til skole.

«Tilpassa og tilretteleggje»

Barnehagen skal tilpasse det allmenpedagogiske tilboden etter barna sine behov og føresetnader, også når nokre barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale,pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gje barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod – innafor dei rammene vi har. Samtidig vil tilrettelegging for den enkelte veldig ofte vere bra for alle barna i fellesskapet.



MYRBEKKANE

3-6 års avdeling med 24 plassar, fordelt på 24 barn: 16 gutter og 8 jenter

INKLUDERING og SOSIAL KOMPETANSE

På Myrbekkane har vi barn i tre ulike aldersgrupper med ulike behov og utviklingsnivå. Vår oppgåve som voksne på avdelinga er å legge tilrette for at alle barna skal føle seg verdsatt i fellesskapet og få kjenne at dei har like stor verdi uansett kva nivå dei er på. Dette gjer vi ved å vere nær barna og vise stor interesse for dei.

Vi skal også vere observante voksne som kan hjelpe, støtte og oppmuntre barna i ulike aktivitetar. Slik føler dei seg trygg i gruppa og opplever meistring. Struktur, gode rutiner og felles reglar på avdelinga er noko vi vil jobbe med, og slik unngår vi utprøving.

Vi starter dagen med ei kort morgonsamling for heile gruppa der vi går gjennom planen for dagen og førebur barna på det som skal skje. For at vi lettare skal sjå og trygge kvart barn, deler vi inn i mindre grupper. Dette gjer vi også for å skape gode relasjoner til barna og mellom barna. Slik skapes vennskap og inkludering. Vi vil dele gruppene på tvers av godt etablerte vennskapsgrupper, slik at barna blir utfordra til å ta kontakt med nye barn.

Leiken er ein viktig arena for etablering av vennskap, og den lærer barna til å fungere saman. Sosial kompetanse er mellom anna å trenere seg i å samhandle med andre menneske og til å takle alle opp- og nedturar som kan oppstå i relasjon med andre. Vi skal forsterke positive kjensler og hjelpe til med å regulere dei negative. God dialog er viktig. Vi kjem til å bruke ulike samspeletsverktøy i arbeid med sosial kompetanse.

I leiken blir barna t.d. utfordra ved at andre barn skal få bestemme og til å lære seg å sjå kvarandre sine behov. Dei lærer seg å vise omsorg og hjelpe kvarandre, og dei lærer seg å vente på tur. Barna treng støtte frå dei voksne til å meistre å regulere sine kjensler og vise empati. Dei voksne må vere gode rollemodellar. Etter inspirasjon frå turen (internasjonal samarbeid) til Italia i mai-24, vil vi ha fokus på å lage ulike leikmiljø der barna sine behov og interesse har stor verdi. Barna skal få medvirke og til ein viss grad få utforme rommet.

På Myrbekkane vil vi hjelpe barna til å bli robuste, inkluderande og ha tru på seg sjølv. Barna skal bli trygg nok på seg sjølv til å hevde sine meningar samtidig som dei skal lytte til dei andre og ha respekt for kvarandre. Dette er for mange vanskeleg. Robuste barn handler også om å meistre nye utfordingar, både i aktivitetane inne og i grovmotoriske aktivitetar ute. Eigen læring og meistring er viktig for sjølvkjensla og gir motivasjon til å prøve nye ting. Skal dette lykkast, må vi la barna få prøve seg fram og vere bevisst med å gi dei mykke ros underveis og heie kvarandre fram. Både synet på læring, ha respekt for kvarandre og det å ha tydelege grenser overfor barna, er noko barnehagen ikkje kan jobbe med aleine. Eit tett samarbeid med heimen er nødvendig. Det er viktig at barna veit kor grensene går heime så vel som i barnehagen. Då veit dei kva dei skal forhalde seg til, og blir trygge og robuste barn.

FØRSKOLEGRUPPA MYRBEKKANE OG INGESKOGEN

Førskolegruppe i år er på totalt 21 barn, 7 jenter og 14 gutter. 8 barn på Myrbekkane og 13 barn på Ingeskogen. To dager i veka vil vi ha felles førskolegruppe. Måndag går vi på korte og lengre turar, og et lunsjen vår ute. Tysdag har vi ulike skoleførebuande aktivitetar som for eksempel klipping, blyantgrep, rim og regclar, og språklege omgrep. Vi vil også øve på ulike ferdigheter som er gode å ha når barna startar på skolen, mellom anna skrive namnet sitt, sjølvstendighet, konsentrasjon, sosial kompetanse og inkludering. Dette er verktøy som er med på å gjøre barna robuste og klar. Arbeidsmåten vi ønsker å nytte er gruppedeling der barna arbeider på ulike stasjonar med ein voksen, slik at det blir lettare å sjå og rettleie kvar enkelt barn i aktivitetene. Vi vil bruke «Salaby barnehage» som inneholder mellom anna «Trampoline», «Førstehjelpsamsen Henry» og diverse andre aktivitetar. Førskolegruppa skal få delta i prosessen i å lage ei bok, gjennom tekstskaping, teikning og ikt, som blir trykt opp og gitt til Sula bibliotek. Gjennom året vil det vere samarbeid barnehage og skole der barna får møte andre førskolebarn dei skal gå i klasse med, og elevar i 1. klasse på skolen sin. Vi har i år barn til Rørstadmarka krets og Langevåg krets.

BADING

Dette er 6. barnehageåret barnehagen er så heldig å få vere med på gratis vanntilvenning/svømmeopplæring på Bybadet i Ålesund, i regi av Ålesund symje- og livredningsklubb (Aaskl) og Statsforvaltaren. Målet er å leike i vatnet og ha det gøy, fåle å bli spruta vatn på, lære å dukke og etterkvart å flyte – noko som ein ser på som livredning for seg sjølv. Dette tilbodet vil gjelde for Raud gruppe (barn f. 2019) på Myrbekkane og Ingeskogen 8 gongar etter nyttår eingong. Gratis buss tur-retur er ein del av tilbodet.

ORGANISERING

På Myrbekkane er det 3 barn på Blå gruppe, 13 barn på Gul gruppe og 8 barn på Raud gruppe. For å skape forutsigbarheit for barna vil vi ha ei fast vekteryte. Dagen startar med morgonsamling der vi går igjennom kva som skal skje. Måndag og tysdag vil avdelinga vere delt i aldersgrupper på tvers av avdelingane. Ein dag med tur og ein dag med innekaktivitetar. Onsdag har vi varmmat som Myrbekkane har ansvaret for å lage annakvar veke.

Alle på barnehagen har same tema kvar månad. Gjennom året vil vi ha ulike temasamlinger og arbeid knytt til dette for å skape eit fellesskap på huset. Vi vil også gjøre ulike formingsaktivitetar, både i aldersgruppene og på avdelinga. Det same med MoTo-leik. I tillegg til planlagte gruppedelingar vil vi ha fokus på å dele barnegruppa spontant og at barna sjølv får vere med å velge leikegrupper. To barn er vekas barn kvar veke. Det betyr at dei får bidra litt ekstra på avdelinga og hjelpe til med ulike gjeremål. Gjennom året vil vi ha felles songstund og ope hus på formiddagen for heile barnehagen.

Innhaldet på avdelinga vil kome fram i månadsplanar og vekeplanar, og dokumenterast på skjermen i garderoba og i «Fredagsposten» på IST.



Sjå konkrete mål og prioriteringar som er sett opp kvar måned. Desse prioriteringane blir overført til månadsplanar og vekeplanar.



INGESKOGEN

3-6 års avdeling med 18 plassar, fordelt på 18 barn: 8 gutter og 10 jenter

INKLUDERING og SOSIAL KOMPETANSE

På Ingeskogen skal vi i år ha fokus på inkludering og sosial kompetanse. Dette vil skje i kvardagen gjennom temaarbeid, frileik, styrte aktivitetar, samlingar, måltid, påkledning og på tur.

Vi vil legge til rette for **INKLUDERING** på avdelinga ved at alle skal få bidra inn i fellesskapet. Det er viktig å dele i små grupper slik at alle får den oppmerksamheten dei treng. Personellet skal involvere seg i alle barna og legge til rette for at kvar enkelt skal kunne delta på sine premissar. Vi har spesialpedagogisk hjelp på huset som vil gi råd og veiledning om det skulle trengs. Vi vil justere aktivitetar slik at alle kan delta. For eksempel kan nokon få store pærler/puslespel i staden for små. Ved å legge til rette aktivitetar vil kvar einskild barn føle meistring og vere i si flytsone. Personellet på avdelinga skal vere samkøyrd, slik det er trygt og forutsigbart for barna.

For å bli god på **SOSIAL KOMPETANSE** treng vi å øve kvar einast dag. Ved å øve vil vi tilegne oss kunnskap og ferdigheter til å meistre utfordringar, og løye oppgåver i ulike situasjoner. For å øve på dette vil Ingeskogen bruke pedagogisk verktøy som til dømes «Livet og Sånn». Det viktigaste blir likevel å bruke situasjoner i kvardagen. Ved å støtte barna i utvikling av sosial kompetanse håper vi å oppleve at alle føler seg verdsatt og sett kvar dag i barnehagen.

Dette vil igjen føre til trygge, robuste og glade barna som trivst.

Både barn og vaksne skal starte dagen med å seie hei til alle som kjem i barnehagen, og vi skal seie hadde/takk for i dag når vi ser nokon går heim. I kvardagslege situasjoner og i leiken på avdelinga vil vi øve på å vise omtanke for kvarandre. Vi observerar kvarandre og over på å sjå korleis dei andre har det, er nokon aleine og treng ein venn? Når vi ser nokon utrykker følelsar er det en moglegheit for samtalar og bekrefting. Vi prøver å tolke og forstå følelsesuttrykk gjennom samtalar og speiling i kvarandre. Det er viktig for barna at dei opplever å bli sett, forstått og respektert i gruppa. Når vi er saman med vennane våre i barnehagen skal vi kunne dele med dei og hjelpe dei. Vi over på å bry oss om, vise omsorg eller oppmunstre dei andre som vi leikar saman med.

Når vi er i barnehagen er det fleire reglar som må følgjast. Barna får vere med på å lage nokre enkle reglar som vi skal ha på avdelinga. Vi skal ha respekt for leiker og andres eigendelar i barnehagen. Ein skal ikkje rive bøker eller knekke av deler på leikene, og vi spør om lov til å bruke andre sine ting eller det andre har laga. Vi ønsker å gjøre dei trygge til å kunne be om hjelp og seie ifrå når det er noko dei ikkje likar. Ved å la barna få vere med å bestemme reglar og øve på å ha respekt for ting vi har, vil dei utvikle si eiga ansvarlegheit. Vi ønsker at barna skal erfare å vere viktige for fellesskapet, og delta i samspel med andre barn og vaksne. Vi vaksne må støtte og hjelpe dei i valga sine. Det blir også mange beskjedar i løpet av ein dag, her er det viktig at vi vaksne er tydelege.

Vi bruker leiken, måltid, påkledning, o.l til å øve på å ta imot beskjedar og utføre desse. Barna vil få mykje voksenstøtte og hjelp til å kunne meistre dette. I leiken er det viktig å kunne kome med eigne meininger og fortelje kva behov ein har. Det er viktig for oss at barna skal ha evna til å ta initiativ til å få kontakt med andre barn. Nokon synes dette er vanskeleg, og treng hjelp og støtte frå ein voksen. Det er derfor viktig at vi vaksne ser og hører barna, og kan hjelpe når det trengs. Det er også nødvendig å kunne stå imot negativt press frå vennane sine. Sei nokon til dømes at dei skal putte papir eller leikar i do, så skal ein tørre og sei at det er feil og gje beskjed til vaksne. Er noko urettferdig skal dei vere trygg på å seie ifrå, og oppleve at nokon hjelper dei. I kvardagen dukkar det opp mange situasjoner som kan vere vanskelege følelsesmessig. Vi vaksne ønsker då å støtte barna i dei ulike situasjonane. Når ein blir sint fordi nokon tek ifrå ei leike, må vi øve på å kontrollere følelsen og finne ut korleis det er best å løye situasjonen. Vidare skal vi øve på å tilpasse oss ulike situasjoner som konflikter og utsette eigne behov, tuttaking i til dømes spel, eller vente på hjelp når vi skal kle på oss. Motstandskompetanse er noko vi er optatt av at barna også får øving i. Det er ikkje alltid alle får lov til det samme, av og til er ting urettferdig. Det er viktig å sette ord på det og gi barna øving å meistre dette. Ved å øve på desse ferdighetene håper vi å bidra til at dagen i barnehagen blir prega av trivsel, vennskap og leik. Samt skape robuste barn som har trua på seg sjølv, taklar motgang og bidrar i fellesskapet.

FØRSKOLEGRUPPE INGESKOGEN og MYRBEKKANE

Førskolegruppe i år er på totalt 21 barn, 7 jenter og 14 gutter. 8 barn på Myrbekkane og 13 barn på Ingeskogen. To dager i veka vil vi ha felles førskolegruppe. Måndag går vi på korte og lengre turar, og et lunsjen vår ute. Tysdag har vi ulike skoleførebundne aktivitetar som for eksempel klipping, blyantgrep, rim og reglar, og språklege omgrep. Vi vil også øve på ulike ferdigheter som er gode å ha når barna startar på skolen, mellom anna skrive namnet sitt, sjølvstendighet, konsentrasjon, sosial kompetanse og inkludering. Dette er verktøy som er med på å gjøre barna robuste og klar. Arbeidsmåten vi ønsker å nyte er gruppdedeling der barna arbeider på ulike stasjonar med ein voksen, slik at det blir lettare å sjå og rettleie kvar enkelt barn i aktivitetene. Vi vil bruke «Salaby barnehage» som inneholder mellom anna «Trampoline», «Førstehjelpsamsen Henry» og diverse andre aktivitetar. Førskulegruppa skal få delta i prosessen i å lage ei bok, gjennom tekstskaoping, teikning og ikt, som blir trykt opp og gitt til Sula bibliotek. Gjennom året vil det vere samarbeid barnehage og skule der barna får møte andre førskolebarn dei skal gå i klasse med, og elevar i 1. klasse på skolen sin. Vi har i år barn til Rørstadmarka krets og Langevåg krets.

BADING

Dette er 6 barnehageåret barnehagen er så heldig å få vere med på gratis vanntilvenning/svømmeopplæring på Bybadet i Ålesund, i regi av Aalesund symje- og livredningsklubb (Aaslk) og Statsforvaltaren. Målet er å leike i vatnet og ha det gøy, tåle å bli spruta vatn på, lære å dukke og etterkvart å flyte – noko som ein ser på som livredning for seg sjølv. Dette tilbodet vil gjelde for Raud gruppe (barn f. 2019) på Myrbekkane og Ingeskogen 8 gongar etter nyttår eingong. Gratis buss tur-retur er ein del av tilbodet.


ORGANISERING

I år er det 18 barn på Ingeskogen. Vi har 13 førskolebarn på Raud gruppe, og 5 barn på Blå gruppe. For å skape forutsigbarhet og trygghet for barna, vil vi ha ei fast vekertyme. Vi har samling kvar dag der vi går gjennom ei dagtavle med bilder som viser kva vi skal gjøre den dagen, slik er det lettare for barna å ha oversikt. For at barna skal bli kjent med andre barn på same alder som går på dei andre avdelingane, vil vi ha eit godt samarbeid med både Myrbekkane og Pellamarka. På måndagane og tysdagane skal førskolebarna frå Ingeskogen vere ilag med førskolebarna frå Myrbekkane, og Blå gruppe frå Ingeskogen vil vere ilag med Blå gruppe frå Myrbekkane og Pellamarka. Vi vil lage eigne planar for desse gruppene og aktivitetane dei skal få vere med på. Det vil mellom anna vere turdagar, førskolearbeid, MoTo-aktivitetar, temaarbeid og formingsaktivitetar, samt frilek. Onsdagane vil vi ha varmmat der barna får hjelpe til, og fredag blir det ofte turdag. Torsdagar er møtedag for storbarsavdelingane. Under møta er det andre faste vaksne som er ilag med barna som leikar ofte på tvers av avdelingane.

Gjennom året skal vi ha fellessamlingar og ope hus nokre dagar på formiddagen, desse står på planane vi lagar. På dei dagane får alle barna på barnehagen leike på den avdelinga dei vil. Kvar veke skal vi ha tre barn som er vekas barn. Dei skal få hjelpe til med ulike gjørermål og få bidra med oppgåver på avdelinga.

Innhaltet på avdelinga vil kome fram i månadsplanar og vekeplanar, og dokumenterast på skjermen i garderoba og i «Fredagsposten» på IST.

Sjå konkrete mål og prioriteringar som er sett opp kvar måned. Desse prioriteringane blir overført til månadsplanar og vekeplanar.



PELLAMARKA

2-4 års avdeling med 12 plassar fordelt på 15 barn: 5 over 3 år og 10 under 3 år. Tilsaman 9 gutter og 6 jenter

INKLUDERING og SOSIAL KOMPETANSE

Inkludering og sosial kompetanse er satsingsområdet på barnehagen i år. Dei fleste situasjonar barna opplever i løpet av ein dag i barnehagen er gode arenaer for å arbeide med dette temaet.

På Pellamarka ønsker vi at alle barn skal bli møtt av varme, rause og leikande vaksne som er der for barna.

Vi har derfor valgt å prioritere følgjande for å fremme inkludering og sosial kompetanse i barnegruppa:

Vaksenrolle, grensesetting og prososial åtferd:

Her på Pellamarka vil vi vere deltagande, støtande og tilstedevarande vaksne som oppmuntrar barna til å hjelpe kvarandre og vise omsorg for kvarandre i leik og samhandling. Vi vil sette tydelege grenser for barna, fordi det er med på å utvikle barna si robustheit og som etterkvart vil gjøre at dei klarar å stå i situasjonar som dei kan oppfatte som litt ukomfortable, men likevel tåle. I kvårdagssituasjonar vil barna få gode moglegheiter til å øve seg på å utsette eigne behov og øve på sjølvkontroll gjennom til dømes turtaking og medverknad i fellesskap. Øve på reglar, mellom anna sitte ved bordet, ikkje kaste mat, og gjennomføre beskjedar er eindel av dette. Vi vil ha fokus på å gje gode beskjedar, etter metodikk frå PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste). Vaksenrolle og praktisering av den vil gje oss handlingsrommet til å hjelpe og støtte barna i alle situasjonar. Ved å vere tett på barna kan vi rettleie, støtte og oppmuntre dei, for å bidra til læring og utvikling.

Relasjonar og gruppedeling:

Vi deler i mindre grupper på tvers av alder, men også aldersbestemt, slik får vi tilrettelagt for inkludering og relasjonar mellom alle barna på avdelinga. Gruppedeling gjer også at vi får sett kvart enkelt barn og støtte barna i leik. Når vi deler i grupper vil det vere ulike vaksenstyrtre aktivitetar, men det vil også vere frileik.

I år har vi to årskull på avdelinga, barn født i 2021 og 2022. Vi har 5 barn født i 2021: 3 av desse barna blir 3 år i haust og 2 av barna blir 4 år til våren. Det vil av den grunn bli eit samarbeid med storborn i år, for alle 3-åringane på huset (Blågruppa). Slik blir det danna relasjonar på tvers av avdelingane, og alle 3-åringane får i hovudsak same tilbod. Barn født i 2022 er Grøn gruppe.

Empati:

Situasjonar som barna opplever gjennom barnehagekværdagen vil vi nyte oss av for å snakke om følelsar og korleis kvar enkelt person kan reagere i ulike situasjonar. Her vil vi også ta i bruk bøker og små videosnuttar der ulike følelsar og situasjonar blir tatt opp. Vi vil også bruke bilder av følelsar og snakke rundt desse anten i grupper eller i samling. «Steg for Steg» er eit verktoy vi vil bruke på Pellamarka.

Leik og leikemiljø:

Med små grep vil vi endre leikemiljøet på avdelinga etter årstidene eller tema, for å gje inspirasjon til leik både til barn og oss vaksne, men også for å endre leikemiljøet etter barna sine interesser. Ved til dømes tema brannvern vil vi tilføre leikmateriell som brannbilar, brannhjelmar/capser og vester.

Den store «kuba» vår vil då bli ein brannbil. Leikemiljøet blir verande dersom barna har interesse for det, sjølv om vi går inn i nytt tema.

ORGANISERING

På Pellamarka er ein trygg og forutsigbar barnehagekværdag, der barna veit kva dagen bringer, med på å inkludere barna i felleskapet. Dette vil vi gjøre ved å ha samlingar kvar dag, der vi syng, leser bøker, fortel eventyr og forteller kva som skal skje i dag, gjennom dagtavla. Dagtavla henger på veggen inne på avdelinga. Kvar månad endrar vi tema for månadene, og samlingane vil få noko nytt innhald i tillegg til det som vi gjer gjennom repetisjon. Det å repetere er noko barna likar godt, og gjer at barna lærer songar vi syng og eventyr vi fortel. Vi vil nyte kvårdagssituasjonar som måltid, påkledning og leik til begrepsslærings, vi vil også gå nærmare inn på nokre begrep frå månadens tema. Val av begrep vil det stå noko om på vekeplanane.

Nytt av året er at Pellamarka ikkje har dei yngste småbarna. I år er vi ei 2-4 års avdeling, med to årskull født 2021 og 2022, ei mellomavdeling. Barn født 2021 er Blågruppa, og barn født 2022 er Grøngruppa.

For Blågruppa blir det eit samarbeid med storborn to dagar i veka for alle 3-åringane på barnehagen (alle Blågrupper): måndagar 9.30-11.30 og tysdagar 9.30-12.30. Måndag blir ein dag med aktivitetar som til dømes; formingsaktivitetar, MoTo-leik, bordaktivitet og frileik. Tysdag er turdag. Vi vil da nyte turtau som barna skal halde i på tur, for å auke sikkerheit og for å lære å gå i rekke. Vi rullerer på fire turmål, slik at barna skal få bli godt kjend i nærmiljøet, og meistre det å gå på turar av ulik lengde og variert underlag. Blågruppa prøver å ete lunsj på tur, så sant det let seg gjøre. Grøngruppa vil ha ein turdag anten måndag eller tysdag, med turar i nærmiljøet, samt MoTo-leik og andre aktivitetar.

I tillegg vil vi ha ein turdag når alle barna på vår avdeling er ilag, både Blå- og Grøn gruppe. Vi går då anten alle i lag eller vi deler barnegruppa i to på tvers av alder, og går til ulike turmål.

Ein dag i veka vil vi ha fokus på formingsaktivitetar, og vi vil dagleg dele oss i mindre grupper noko som gjer det lettare å møte kvart barn sine føresetnader og modning, og slik fremme inkludering, læring og sosial kompetanse.

Vi vil ha varmmat ein gong i veka – der Blågruppa får hjelpe til med jamne mellomrom. Vi vil ha ein varmmat meny. I år vil Pellamarka lage meir mat ute anten på turar eller i grua ved gapahuken vår, slik at barna skal få ein meir heilhettig turoppleving og erfare andre måter å innta eit måltid på: lage mat på tur på stormkjøkken, på bål i grua eller medbrakt niste som vi lager til før vi går.

DAGSRYTME:

Vi tilpassar oss dei ulike behova barna har, elles så ser dagstryta på Pellamarka slik ut:

- Frukost fra 08.00 – 08.30
- Tannpuss etter frukost
- Samling ca kl 09.10
- Utetid etter samling
- Lunsj fra ca 11.00
- Sovetid etter lunsj for dei som sov
- Fruktmåltid ca kl 14.00
- Ute/inneleik etter fruktmaletid

Blågruppa, felles med storborn:

Måndag:

- Samling kl 09.30 – 09.45
- Aktivitetar kl 09.45 – 11.00
- Lunsj kl 11.00 – 11.30

Tysdag:

- Dagtavle kl 09.30 – 09.35
- Tur ca kl 09.45
- Tilbake i barnehagen til kl 12.30

Innhaldet på avdelinga vil kome fram i månadsplanar og vekeplanar, og dokumenterast på skjermen i garderoba og i «Fredagsposten» på IST.



Innhald i dei ulike gruppene: sjå på vekeplanen kvar veke, som viser meir konkret kva vi skal gjøre, kva tid.



PETTERGJERDET

0-3 års avdeling med 15 plassar fordelt på 15 barn: 8 gutter og 7 jenter

INKLUDERING og SOSIAL KOMPETANSE

Inkludering og sosial kompetanse er sjølve nøkkelen til at barn trivst i fellesskapet i barnehagen, og vi på Pettergjerdet har valt å legge ekstra vekt på desse områda dette barnehageåret:

Vaksenrolla:

Oss vaksne vil vere gode rollemodellar og vise med handling korleis dei ulike kvardags- og leikesituasjonane kan gjennomførast på ein god måte. Som leikande vaksne vil vi sette varme, men tydelege grenser. Barna skal saman med varme og støttande vaksne bli vist korleis ein kan vise omsorg for kvarandre. Dei skal få erfaring med å utsette eigne behov, vente på tur og øve på sjølvkontroll. Dette er med på å skape robuste barn som tåler meir motstand seinare i livet. Vi vil legge vekt på glede, humor og kreativitet i kvardagen med barna. Oss vaksne vil gje barna gode og varierte leikemoglegheiter inne og ute.

Sosialt samspel:

Barn er sosiale heilt frå fødselen av, og dei kommuniserer både gjennom kroppslege og språklege handlingar. Barn lærar sosialt samspel i alle situasjonar gjennom dagen.

Det sosiale samspelet mellom barna på avdelinga er å «herme» etter kvarandre. Om eit barn hoppar og rullar seg i glede på golvet, gjer tre andre også det. Oss vaksne må da vere tilstades for å unngå at det utviklar seg til noko negativt, då det lett blir mykje «armar og bein».

Barna på avdelinga er i ei egosentrisk fase og alt er «mitt», og dei kjempar med alt dei har for å få det dei vil ha. Mange barn kan då bruke biting som eit middel for å få det slik som dei vil. Oss vaksne skal vere nære og møte barna i deira førelsar, samtidig som vi gir omsorg, støtter og veileder dei om korleis ein kan handtere situasjonen på ein god måte.

Barna seier raskt i frå om det er noko dei ikkje likar eller om nokon er for nære. Då kan dei ofte skrike høgt og/eller dytte det barnet som er for nær.

Til dømes kan eit barn stå å pusse tennene på akkurat den plassen eit anna barn ville stå, og/eller at eit barn tar støvlane til eit anna barn, og det tredje barnet vil ordne opp ved å ta ifrå barnet støvlane. Det er då viktig at vi vaksne er tilstades i kvar av desse situasjonane for å hjelpe, støtte og veilede slik at barna lærar seg empati for kvarandre.

Leiken og leikemiljø:

For at barna skal utvikle sosial kompetanse og føle seg inkludert i fellesskapet på avdelinga, er det viktig med felles referansar til leik. Dette vil oss vaksne legge til rette for. Til dømes brannvern som vi skal ha i september kor vi skal leike at vi slukker brann, og kva vi må bruke for å slukke brannen.

Det som karakteriserer barna på avdelinga vår, er at dei er «her og nå». Det er her og nå dei er tilstades og ser, hører og sansar. Dette vil vi utnytte, og i år vil vi gje leiken eit større fokus enn tidlegare år. Barna på avdelinga vår likar å «frakte» leker og materialar, gjerne då i bøtter, vesker eller esker. Dei likar å legge oppi og tømme ut. Dei likar å trille leiker og materialar i vogner. Ett- og toåringar sin leik er ofte fysisk og sensorisk, som å hoppe, løpe, springe etter kvarandre, le og flire høgt, medan dei rullar seg på golvet samstundes som behovet for tryggleik er stort. Erfaringar tilseier at leikemiljø har stor betydning for at barna skal trivast, lære, føle seg inkludert og utvikle sosialt samspel med kvarandre. Vi vil derfor dette året hente inspirasjon frå Reggio Emilia filosofien: «rommet som den tredje pedagog». Vi har valt å ta bort mykje av leikene vi hadde på avdelinga då det var uoversiktleg for barna - og dei bare tømde hyllene og var ferdig. I år vil vi ha varierte leiker ståande framme. Vi vil nytte enkle rekvisittar, naturmaterialar, gjenbruksmaterialar i leiken saman med barna. Vi vil nytte så mykje tid vi kan til å leike ute og inne på avdelinga. Av og til vil de foreldre oppleve at barn og vaksne er opptatt i hentetida, da kan det vere at vi held på med ansiktsmåling, utkledning eller noko anna spennande.

ORGANISERING

For barna er det viktig med tryggheit og forutsigbarheit. Vi legge opp til faste rutinar og haldepunkt gjennom dagen: Frokost 8.00 – 8.30 for dei barna som er tilstades.

Fra 8.30 er det tannpuss for dei som har ete frokost. Etter dette er det leik ute og inne fram til ca 10.30/45. Ca klokka 11.00 et vi lunsj, deretter er det sovetid for dei barna som sov. Fram til fruktmåltidet er det roleg leik og aktivitetar på avdelinga.

Klokka 14.00 et vi fruktmåltid som er skive og forskjellig frukt. Fra 14.30 er det leik inne eller ute.

For at barna ikkje skal oppleve inneleiken som uoversiktleg, uroleg, kaotisk eller overveldande, vil vi dele barnegruppa i mindre grupper kvar dag. Ein eller fleire vaksne tar med seg tre/fire barn kvar for å leike til dømes på skierommet eller i familiekroken. Leikegrupper gir oversikt, struktur og trygghet.

I kvardagen delar vi barnegruppa i Bamsegruppe og Grøngruppe. Grøngruppen er dei eldste, medan Bamsegruppen er dei yngste. Oss vaksne får god oversikt over gruppa, nærlighet til barna og vi får moglegheit til å observere korleis vi kan støtte, bidra og inspirere.

Vi vil også ha samlingar, og ta med barna på tur, men vi legg ikkje opp til faste turdagar eller faste dagar med samling. Leiken blir i fokus gjennom heile dagen, og vil vere med å styre organiseringa vår.

Innhaldet på avdelinga vil kome fram i månadsplanar og vekeplanar, og dokumenterast på skjermen i garderoba og i «Fredagsposten» på IST.



Sjå konkrete mål og prioriteringar som er sett opp kvar månad. Desse prioriteringane blir overført til månadsplanar og vekeplanar.



September 2024



Song
BRANNBAMSEN BJØRNIS NR. 1



Tema
BRANNVERN



MoTo-leik
GRUNNLEGGANDE AKTIVITET



Psykisk helse
Tilknyting

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Auke bevisstheita rundt brannvern og førstehjelp

INNHOLD, mellom anna:

- Brannbamsen Bjørnis
- Førstehjelpbsamsen Henry
- Song og dans

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:


Barna får erfaringar med brannvern gjennom Brannbamsen Bjørnis

INNHOLD, mellom anna:

- Brannbamsen Bjørnis
- Leikmiljø med branntema
- Songar og dans
- Kreative aktivitetar

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
35							1 SEBASTIAN 3 ÅR
36	2	3	4	5	6	7	8
37	9	10	11	12	13	14	15
38	SVERRE B 2 ÅR		REBECCA 5 ÅR		INGRID 4 ÅR		
39	16	17	18	19	20	21	22
40	23	24	25	 Felles FORELDREMØTE kl. 17.30-19.00		27	28
41	30						

Oktober 2024



Song
GRØNNSAKSPISESANG



MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Bruke hausten som inspirasjon til kreative aktivitetar

INNHOLD, mellom anna:

- Haustutstilling
- Naturmaterialar
- Haustfargar



Tema
HAUST OG KREATIVITET



PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Barna skal få oppleve naturen om hausten, og utfalde seg kreativt

INNHOLD, mellom anna:

- Sjå og oppleve haustteikn
- Arbeide med ulike teknikkar og materialar
- Haustutstilling

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
40		1	2	3	 BARNEHAGETREFF Årshjul bhg-skule Langevåg krets EMIL HG 5 ÅR	5	6
41	7	8	9	10	11	12	13
42	14	15	16	17	 MAKSYMILIAN 5 ÅR	19	20
43	EMIL A 2 ÅR	WILLIAM OLAI 2 ÅR	CALVIN OG CORNELIUS 4 ÅR	MAGNUS 2 ÅR	FELLES SONGSTUND OG OPE HUS		
44	21	22	 Pellamarka FORELDREKAFFE i hentetida, med haustutstilling	23	24	25	26
	MARKUS 4 ÅR	EMIL OLEANDER 5 ÅR					27
	28	 Myrbekkane FORELDREKAFFE i hentetida, med haustutstilling	29	 Ingeskogen FORELDREKAFFE i hentetida, med haustutstilling	30	31	

November 2024



Tema
FORVENTNINGAR OG SKAPARGLEDE



Song
ALLE TRENGER EN LITEN VENN

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Oppleve gleda ved å gje til andre

INNHOLD, mellom anna:

- Julegåver
- Lage omvendt julekalender
- Baking

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Juleførebuingar gjennom kreativ utfaldelse

INNHOLD, mellom anna:

- Lage julegåver
- Baking
- Vi lagar julekalender



MoTo-leik
KINETISK SANS OG AUGE-HANDTRENING



Psykisk helse
SOSIAL KOMPETANSE

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
44				 BARNEHAGETREFF Årshjul bhg-skule (barn f-2019)	1		2 3
45	4 CHARLIE 4 ÅR	5 ELIDA 3 ÅR	6	 Pettergjerdet FORELDREKAFFE i hentetida, med haustutstilling	7 8	9	10
46	11	12	13	14 OTHILIE 1 ÅR	15	16	17
47	18	19	20	21	22	23	24
48	 FELLES FORELDREKAFFE Pepperkake og glogg ved grua, i hentetida JAKOB 4 ÅR	25  26 FELLES SONGSTUND OG OPE HUS	27	28	29	30	

Desember 2024



Moto-leik
HØRSELSSANS

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Skape samhald gjennom julestemning og tradisjonar

INNHOLD, mellom anna:

- Adventssamling
- Nisselfest
- Lucia
- Julegudsteneste



Tema
JUL OG TRADISJONAR



Song
JULESONGAR

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Få gode sanseopplevelingar rundt julehøgtida


INNHOLD, mellom anna:

- Adventssamling
- Juleverkstad
- Nisselfest med nissegrøt
- Julelunsj
- Luciafeiring

Julehelsing til små og store i Måseide barnehage!

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
48							1
49	2	 NISSEFEST i barnehagen	3	4	5	6	7
50	9	10	11	12	CASPER 2 ÅR	SELMA 3 ÅR	14
51	16	17	18	19	20	21	22
52	Lillejulaften - barnehagen er open for dei som har meldt seg på DAVID D 4 ÅR	23	24	25	26	27	28
1	- barnehagen er stengt	30	31	Nyttårsaften	Juleferie - barnehagen er stengt	WILLIAM B 2 ÅR	29

Januar 2025



Tema
VINTER OG LESELYST

Song
HUTTETU SÅ KALDT DET ER



Moto-leik
FINMOTORIKK

Psykisk helse
Eg og meg sjølv



MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Oppleve vinterstemning og skape gode lesemiljø på avdelingane

INNHOLD, mellom anna:

- Vinterfestival
- Bibliotekbesøk
- Bokveker

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Barna skal få oppleve naturen om vinteren, og bli lest for i små grupper

INNHOLD, mellom anna:

- Bokveker
- Sjå og oppleve teikn på vinter
- Formingsaktivitetar

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
1			1 BILLY 2 ÅR MINA 6 ÅR Nyårsdag	2 PLANLEGGINGSDAG - barnehagen stengt	3 Første dag etter jul - barnehagen er open	4	5
2	 BOKVEKE LUKAS 1 ½ ÅR	6 →	7	8	9	10	11 EDIN 3 ÅR
3	 BOKVEKE	13 →	14	15 FELLES SONGSTUND OG OPE HUS	16	17 SKOLETREFF Årshjul bhg-skule (barn f-2019) NATAN 6 ÅR	18 19
4	 VINTERFESTIVALVEKE	20 →	21	22 AURORA 6 ÅR	23	24	25 26
5		27	28	29	30	31  May sin siste arbeidsdag	

Februar 2025



Tema
KARNEVAL, RYTME OG FARGAR



Psykisk helse
Eg og meg sjølv



MoTo-leik
BERØRINGSSANS



Song
**MANDAG, TIRSDAG,
KLAPP KLAPP KLAPP**

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Uforske musikk gjennom sang, rytme og formingsaktiviteter

INNHOLD, mellom anna:

- Samefolkets dag
- Karneval
- Instrument

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Barna skal få oppleve glede og inkludering gjennom musikk og utkledning

INNHOLD, mellom anna:

- Karneval
- Utkledning og ansiktsmaling
- Musikkinstrument

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
5							1 2
6	 Velkommen til ny styrar	3	4	5	 Samefolkets dag NIKOLINE 4 ÅR	6	7 8 9
7	10	11	12	13		14 15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9		VIKTOR 6 ÅR	HENRIK H 2 ÅR			HERMAN 6 ÅR	
	24	25	26	 JUSEF 6 ÅR KARNEVAL i barnehagen	27	28	

Mars 2025



Song
FORUT-SONG



Tema
FORUT

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Bli kjent med ein annan kultur

INNHOLD, mellom anna:

- Hampless og dei ville sjiraffane
- Lukter og smakar frå Malawi
- Song og dans


PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Bli kjent med Hampless og dei ville sjiraffane

INNHOLD, mellom anna:

- Vi lagar mat frå landet
- Formingsaktivitetar
- Bli kjend med song og dans frå Malawi



MoTo-leik
BALANSESANS OG HOPPEAKTIVITET



Psykisk helse
MANGFALD

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
9						1 LAVRANS 6 ÅR	2
10	3  FELLES SONGSTUND OG OPE HUS	4	5 ALEAH 4 ÅR	6 DAVID B 5 ÅR	7	8	9
11	10 Vi markerar BARNEHAGEDAGEN	11  Pellamarka FORELDREKAFFE i hentefida	12  Pettergjerdet FORELDREKAFFE i hentefida	13	14	15 SVERRE H 4 ÅR	16 SAMUEL 6 ÅR
12	17	18	19	20	21	22 IBEN 2 ÅR	23
13	24	25	26	27	28	29 KAJA 3 ÅR	30
14	31  BARNEHAGETREFF Årshjul bhg-skule (barn f-2019) EMIL RV 6 ÅR						

April 2025



Psykisk helse
Vennskap

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Få innblikk i påsketradisjonar, og undre oss over nytt liv

INNHOLD, mellom anna:

- Klekking av kyllingar
- Påskepynt og påskehare
- Tilbod om påskevandring for førskolebarna



Song
ALLE FUGLER



MoTo-leik
KOORDINASJON


PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Barna skal få følgje utviklinga frå egg til kylling

INNHOLD, mellom anna:

- Vi ruger fram kyllingar
- Påskeførebuingar



Tema
**PÅSKE OG
NYTT LIV**

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
14		1	2	3	4  EGGELØP ute i barnehagen	5	6 LINNEA 4 ÅR
15	7 Myrbekkane FAMILIEFEST ca 17.30-19.00	8 Ingeskogen FAMILIEFEST ca 17.30-19.00	9	10	11  FELLES SONGSTUND OG OPE HUS	12 TOMINE 3 ÅR	13 Palmesundag
16	14 Påskeferie - barnehagen er stengt RALUCA 6 ÅR	15	16 Skjærtorsdag	17 Langfredag	18	19	20 1. påskedag
17	21 2. påskedag	22	23	24	25 SYNNE 5 ÅR	26	27
18	28	29  JUNE 3 ÅR	30 Frist for påmelding til SOMMARVEKENE				



MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Få kjennskap til tradisjonar rundt 17. mai, og sanse våren

INNHOLD, mellom anna:

- Nasjonaldagen
- Vårteikn
- Kjøkkenhagen

Mai 2025



Tema
VÅR OG 17. MAI

Song
JA, VI ELSKAR



MoTo-leik
STABILITET OG BALANSE

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Få kjennskap til tradisjonar rundt 17. mai, og oppleve våren

INNHOLD, mellom anna:

- Vi sår i kjøkkenhagen
- 16. mai-opplegg
- Vi viser film frå 17. mai



Psykisk helse
Sosial kompetanse

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
18				1 Offentleg høgtidsdag	2 PLANLEGGINGSDAG - barnehagen stengt	3	4
19	5	6	7	8	9	10	11 HANNA 4 ÅR
20	12  FELLES SONGSTUND OG OPE HUS	13	14	15 	16 Øving 17. mai-tog	17 Grunnlovsdag	18
21	19	20	21	22	23	24	25
22	26	27	28	29 ANDRINE 5 ÅR Kristi himmelfartsdag	30 PLANLEGGINGSDAG - barnehagen stengt	31	

Juni 2025



Song
JEG GIKK EN TUR PÅ STIEN

Tema
SOMMAR OG UTELIV



Psykisk helse
Sosial kompetanse

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Legge til rette for leik, tur og naturopplevingar

INNHOLD, mellom anna:

- Sommaraktivitetar
- Avslutningstur
- Ut på tur, aldri sur

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Barna skal få oppleve og meistre ulike aktivitetar ute og inne

INNHOLD, mellom anna:

- Sommarleikar og aktivitetsløyper
- Avslutningstur
- Sjå på og leite etter insekt




Kor vi gleda oss til sommar og sol!

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
22			 FADDERTREFF Årshjul bhg-skule (barn f-2019)				1
23	 SOMMARFEST med tombola på ettermiddag kl. 17.30 (værforbehold)	2	3	4	5	6	 LILLY 6 ÅR 1. pinsedag
24	 YLVA 5 ÅR 2. pinsedag	 ERLEND 3 ÅR JOHANNES 3 ÅR HENRIK V 4 ÅR	9	10	11	12	13
25		 OLIVER 5 ÅR	16	17	18	 OLIVIA 3 ÅR	14
26					19	20	15
27					26	27	21
28					28		22
29							29
30							

Juli 2025

GOD SOMMAR
frå alle ved
Måseide barnehage



FERIEAVVIKLING - med felles innhald og aktivitetar

Ferieavvikling i skolen si ferietid. Juli månad er betalingsfri. Reglar for avvikling av ferie: sjå vedtekter på Sula kommune sine heimesider.
Dei tilsette er inndelt i puljar, fordelt mellom alle avdelingane.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
27		1	2	3	4	5	6
28	7	8	9	10	11	12	13
29	14	15	16	17	18	19	20
30	21	22	23	24	25	26	27
31	28	29	30	31			

ELENA 4 ÅR

SOFIA 3 ÅR

NICHOLAS 6 ÅR

LUKAS 5 4 ÅR

LIAM 2 ÅR

August 2025

MYRBEKKANE // INGESKOGEN

MÅL:

Skape gode relasjonar mellom barn og vaksne på avdelinga, og barna seg imellom

INNHOLD:

- Bli kjent med avdelinga og uteområdet
- Bli kjent med rutinar og reglar
- Omsorg og leik

PELLAMARKA // PETTERGJERDET

MÅL:

Skape gode relasjonar mellom barn og vaksne på avdelinga, og barna seg i mellom

INNHOLD:

- God tid til omsorg og leik i lag med kvart barn
- Skape faste rutinar
- Bli kjent med avdelinga og uteområdet

Tema TILKNYTING



LYKKE TIL med skulestart - for alle som skal begynne i 1. klasse

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
					 NYTT BARNEHAGEÅR	1	2
31							3
32	4	5	6	7	8	9	10
33	11	12	13	14	15	16	17
34	18	19	20	21	22	23	24
	MATHEA 3 ÅR		CASPION 4 ÅR			JOHAN 3 ÅR	
35	25	26	27	28	29	30	31
			JOHANNE 6 ÅR				Måseide barnehage 32 år

September 2025



NY ÅRSPLAN FOR 2025-2026 KJEM

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
36	1 SEBASTIAN 4 ÅR	2	3	4	5	6	7
37	8	9	10	11	12	13	14
38	15	16	17	18	19	20	21
39	22	23	24	25	26	27	28
40	29	30					



Barn som skal lære
å meistre noko nytt
vil måtte øve og
tåle å mislykka
før dei lykkast.
Dei kan trenge hjelpe
med å regulere følelsar
som frustrasjon, sinne
eller skuffelsar.

Positive følelsar
i barndommen,
bidrar til trivsel og velvere
- og til betre meistring
av seinare utfordringar.



og GODE
OPPLEVINGAR

MEISTRING

TRYGGHEIT

MÅSEIDE BARNEHAGE